


## ● NY BOK

# Historien om Opstad tvangsarbeidshus



MELDT AV HANS ZAHL | tekst

**Ståle Olsen: «Til Jæderen for å trille tåke. Historien om Opstad tvangsarbeidshus»**

Ståle Olsen har i 30 år vore knytt til Åna fengsel, dei siste 15 åra som underdirektør. Han har såleis gode føresetnader for å kunna skriva historia om Opstad, men også utdanninga hans som cand. philol. med historie hovudfag er utan tvil ein viktig bakgrunn for bokutgjevinga.

Boka er ei historisk oversikt som fortel kvifor fengselet vart bygd, og kvifor Opstad vart vald som byggeplass for det nye fengselet.

## Timing og fyll

Drøftingane hadde vore mange i Storting og styringsverk før dei første fangane kom til Opstad i 1915. Mange forhandlingar med bøndene i området måtte til for å få kjøpt dei store jordområda som trøngst. Felte bestod av 3800 dekar. Av dette var omkring 300 dekar dyrka. Området ligg mellom dei to tettstadene Varhaug og Nærbø. Plasseringa var nøye vurdert og skulle hindra at dei innsette kom i kontakt med lokale folk eller freistingane frå ein by.

På den tida det nye fengselet vart planlagt, hadde styresmaktene mykje bry med reisande eller taterane, som òg var til plage på bygdene. Samtidig utvikla det seg grupper av arbeidslause i dei største byane, først og fremst i Oslo.

Desse folka representerte eit ordensproblem og ergra «skikkelege» folk med betling, tigging og fyll. Dette ville styresmaktene få slutt på og meinte at dersom dei vart tvungne til hardt arbeid i lengre tid, ville dei forandra haldningar og verta gagns menneske og koma seg i arbeid straks dei var ferdige med soninga. Like viktig var det også å få dei vekk fra bybiletet. Opstad tvangsarbeidshus skulle redde desse.

## Løsgjengerlov

Ståle Olsen gir i boka ei interessant framstilling av korleis ein i første halvdel av det 20. århundret såg på og valde å behandla personar som ikkje greidde å tilpassa seg det normale samfunnet. Til Opstad kom menn som var utan fast arbeid og som forstyrta ro og orden pga fyll. Dei



**ARBEID:** Nybrottsarbeidet foregikk med bruk av enkle mekaniske hjelpemidler som denne steinbukken. Her er en arbeidsformann i tett samarbeid med tre tvangsarbeidere. Foto fra Åna, sørvest for anstalten, som ses i bakgrunnen. Foto: ukjent (hentet fra boken).

## FAKTA

- Tidlegare underdirektør Ståle Olsen har nyleg gitt ut bok om Opstad tvangsarbeidshus. Me har fått Hans Zahl, som sjølv vaks opp og gjekk på skule på Opstad, til å melda boka.

vart dømde etter «løsgjengerloven». Første gong fekk dei 9 månader, andre gong 18 månader og tredje gong 3 år.

Det var ei administrativ dømming, utan forsvarar. Når dei dømde skulle sona, vart dei sende med eigen båt frå Oslo til Sandnes. Frå Sandnes til Nærbø vart dei frakta med tog i låsbare kuvogner, og frå Nærbø til Opstad stod dei på lastebil med høge karmar. Det likna mest på dyretransport.

Dei første åra Opstad var i drift, kom betjentane, som skulle passa dei innsette, frå Oslo. Dei som skulle læra opp dei innsette til å dyrka jorda, var ofte lokale folk. Forholda mellom fangane og betjentane beskriv Ståle Olsen som svært ovanfrå og ned. Fangane hadde ingen rettar.

## Eigen skule

Det vart bygd egne hus til dei tilsette. Desse var svært forskjellige, alt etter kva rang dei tilsette hadde. Opstad utvikla seg etter kvart til ein liten tettstad med familiar og born. Dermed vart det spørsmål om skulegang. Nå utvikla det seg ein forunderleg strid om skuleordning, og boka gir ei

god framstilling av korleis direktøren på Opstad raljerte med skulestyret i bygda.

Han forlangde at det skulle byggast eigen såkalla bruksskule på Opstad, og så kunne borna frå Opstadgardane også koma dit og gå på skulen. Det ville dei ikkje. Men det utrullege skjedde. Direktøren fekk det som han ville. Opstad vart eigen bruksskule med byskuleordning, dvs at ungene skulle gå kvar dag på skulen. På bygda gjekk dei annankvar dag. Målforma skulle vera bokmål, og skulen vart tredelt.

Her må eg få lov å koma med ein personleg kommentar. Eg flytta til Opstad vinteren 1950 og gjekk på folkeskulen der. Det var ein spesiell skule. Mitt årskull frå 1942 talde 11 elevar. Dette var så mange at vi fekk gå åleine i seks av dei sju åra. Vi hadde gamle, gode lærarar, og det var ei svært positiv haldning til skule og læring. Det var om å gjera at så mange som mulig skulle koma inn på Rogaland Off. Landsgymnas på Bryne etterpå. Her var det opptaksprøvar og stor søknad. Men før vi prøvde på Bryne, gjekk vi framhaldsskulen på Nærbø. Her måtte alle skriva nynorsk. Ein overgang var det, men det gjekk greit.

## Ikkje kriminelle

Ståle Olsen skriv om fangane sine liv på anstalten, og dette vert ikkje positivt skildra. Tvangsarbeidarane var ikkje kjeltringar eller kriminelle i eigentleg forstand, og måten dei vart behandla på, virka derfor meningslaus. For

oss, som vaks opp saman med dei, var det umogeleg å ha eit negativt syn på dei innsette. Vi tykte det var hyggeleg å snakka med dei, men dette hadde vi i grunnen ikkje lov til.

Kor ufarlege fangane eigentleg vart rekna for å vera, gir Ståle Olsen eit godt eksempel på. Ei tid etter krigsutbrotet i 1940 kom det spørsmål frå Oslo til direktøren om kva som kunne gjerast med fangane dersom fengselsområdet vart angripte. Direktøren svara at han på dagen kunne sleppa ut ca 160. Det ville ikkje føra til anna enn at det kanskje vart nokre fleire fulle menn å sjå i gatene i Oslo.

Synet på tvangsarbeid og fengsel vart radikalt forandra etter krigen. Då hadde mange gode nordmenn fått direkte føling med fengsel og tvangsarbeid, og kritikken mot systemet på Opstad kom frå mange kantar. Det virka også inn at krigssegalarar, som hadde fått liva sine øydelagde av krigen, fekk problem med alkoholen og hamna på Opstad.

I 1970 vart «løsgjengerloven» oppheva. Det var positivt, men styresmaktene hadde ikkje noko alternativ til dei stakkarane som ikkje hadde tak over hovudet, og i åra rett etter var det fleire som fraus i hel om vinteren enn det som hadde vore vanleg.

Ein gjennomgangsfigur i boka er Theodor Fredriksen. Han kom for første gong til det nye fengselet 26. april 1915 i transport frå Kristiania. Heile sju gonger kom han til Opstad. Den 19. desember 1955 slapp han ut frå tvangsar-

beid for siste gong og forsvann frå kjeldene. Nydyrking gjorde han ikkje til eit gagns menneske.

Eit kapittel i boka er via overgangen frå tvangsarbeidshus til fengsel, og i dei siste kapitla diskuterer Ståle Olsen kva lærdom vi i dag kan trekkja av historia om rehabilitering ved arbeid og tvang. Mykje har forandra seg dei siste tiåra, men han konkluderer med at arbeid som integrert del av kriminalomsorga lever vidare, om enn i nye former.

## Imponerende

Eg har lese boka til Ståle Olsen med stor interesse og er imponert over den historiske framstillinga han gir. Som kjelder har han brukt skriftlege arkiv og dokument, og han har intervjuja personar som har hatt tilknytning til Opstad, t.d. gjennom arbeid eller oppvekst.

Når det gjeld det siste, set eg eit lite spørsmålsteikn ved kor representativt utvalet av intervjuobjekt er. Som Opstadbuar i 14 år kunne eg ha ynskt meg endå fleire historier om innsette og tilsette på Opstad, men det er sjølv sagt ikkje alt som kan koma med i ei bok på 190 sider inkl. noter.

Boka har eit godt biletmateriale som viser utviklinga av anstalten, arbeidsaktivitetar og personar som var knytte til staden. «Historien om et hus utenom det vanlege» bør kunna få mange lesarar, både blant folk som har eit forhold til Opstad og blant dei som elles har interesse av å kjenna til utviklinga av kriminalomsorga i landet vårt.